

Statens vegvesen Sør  
Hardangerrådet  
Hordaland fylkeskommune

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2009000423 - 58	Saksbeh:	Harald Jordal	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2016020827	Telefon:	53 65 40 23	K2 - Q12	30.12.2016

## Høyring KVV for strekninga Gol - Voss

Vedlagt følger vedtak.

*Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.*

*Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.*

Vennlig hilsen  
For Stab

Ole Jørgen Jondahl  
rådmann

Harald Jordal  
kommunesekretær



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Odda formannskap	08.12.2016	055/16

## Høring KVV for strekninga Gol - Voss

Odda kommune legg til grunn Statens vegvesen si faglege tilråding om at to hovudsamband aust vest må dekke det overordna transportbehova for heile Vestlandet. I tråd med dei faglege tilrådingane i KVV Gol-Voss går Odda kommune inn for Rv. 52 Hemsedalsfjellet som det andre hovudvegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet, i tillegg til E134 som alt er vedteken.

Med utbygging av E39, som er vedteken i Stortinget, og innkorting på E134 gjennom Telemark slik Statens vegvesen har tilrådd, vil E134 bli eit effektivt og svært viktig samband for Hordaland og Rogland inklusivt Bergen og Stavanger.

Aust-vest-utgreiinga viste at arm frå E134 til Bergen vil gje stor trafikk, markant lågare reisetid og store regionale effektar. «Følsomheitsanalysane» i KVV Gol-Voss underbygger denne statusen til E134. Ut frå dei faktiske behova og den store samfunnsnyttan i E134 med arm til Bergen må dette sambandet realiserast. Odda kommune bed difor sterkt om at KVV på E134 for arm til Bergen no vert gjennomført.

E134 med arm til Bergen og Rv. 52 Hemsedalsfjellet med arm til Ålesund er dei sambanda som utfyller kvarandre best, **og er det einaste alternativet** som gjev ei fullgod løysing for transportbehovet mellom Austlandet og Vestlandet.

Ordføraren i Odda, 24.11.16

### 08.12.2016 Odda formannskap

#### Behandling:

Opdal (H ) fellesforslag (A, H, V og SP)

Odda kommune legg til grunn Statens vegvesen si faglege anbefaling om at to hovudsamband aust vest må dekke transportbehova for heile Vestlandet.

E134 med arm til Bergen og rv. 52 Hemsedalfjellet med arm til Ålesund er dei sambanda som på alle måtar utfyller kvarandre best, og er det einaste alternativet som gjev ei fullgod løysing på transportbehova mellom Austlandet og Vestlandet.

I tråd med dei faglege anbefalingane i KVV Gol-Voss går Odda kommune inn for rv. 52

Hemsedalfjellet som det andre hovudvegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet, i tillegg til E134 som alt er vedteken.

Med utbygging av E39, som er vedteke i Stortinget, og innkorting på E134 gjennom Telemark slik Statens vegvesen har anbefalt, vil E134 bli eit effektivt og svært viktig samband for området frå og med Bergen til og med Stavanger. Aust-Vest utgreiinga viste at arm frå E134 til Bergen vil gje stor trafikk, markant lågare reisetid og store regionale effektar. sambandet vil ha stor betydning for utviklinga av Hardanger. Følsomheitsanalysane i KVVU Gol-Voss underbygger statusen til E134. Ut frå behova og den store samfunnsnyttan av E134 med arm til Bergen må dette hovudsambandet realiserast.

Odda kommune ber om at arm frå E134 til Bergen inngår som fullverdig del av dette hovudsambandet aust-vest, og ber om at KVVU for arm frå E134 til Bergen no vert gjennomført.

Odda kommune ser det som viktig at ein ved utbetring av Rv7 finn gode løysingar med tanke på utvikling av turisme og gode tiltak for villreinstamma på vidda

#### **OF-055/16 Vedtak:**

Fellesforslaget vart samr. vedteke

#### **Saka gjeld:**

### **Høyringsuttale-KVVU Gol-Voss 2016**

#### **Høyringsfrist: 15.desember**

Odda kommune legg til grunn Statens vegvesen si faglege tilråding om at to hovudsamband aust vest må dekkja det overordna transportbehova for heile Vestlandet. I tråd med dei faglege tilrådingane i KVVU Gol-Voss går Odda kommune inn for Rv. 52 Hemsedalsfjellet som det andre hovudvegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet, i tillegg til E134 som alt er vedteken.

Med utbygging av E39, som er vedteken i Stortinget, og innkorting på E134 gjennom Telemark slik Statens vegvesen har tilrådd, vil E134 bli eit effektivt og svært viktig samband for Hordaland og Rogland inklusivt Bergen og Stavanger.

Aust-vest-utgreiinga viste at arm frå E134 til Bergen vil gje stor trafikk, markant lågare reisetid og store regionale effektar. «Følsomheitsanalysane» i KVVU Gol-Voss underbygger denne statusen til E134. Ut frå dei faktiske behova og den store samfunnsnyttan i E134 med arm til Bergen må dette sambandet realiserast. Odda kommune bed difor sterkt om at KVVU på E134 for arm til Bergen no vert gjennomført.

E134 med arm til Bergen og Rv. 52 Hemsedalsfjellet med arm til Ålesund er dei sambanda som utfyller kvarandre best, **og er det einaste alternativet** som gjev ei fullgod løysing for

transportbehovet mellom Austlandet og Vestlandet.

**Høringsuttalar skal sendast til Statens vegvesen Region sør, Postboks 723, 4808 Arendal, eller via e-post til [firmapost-sor@vegvesen.no](mailto:firmapost-sor@vegvesen.no).**

**Opplysning:**

Kommunestyret delegerte i møte 23. november til formannskapet å fatta vedtak i denne saka.

**Samandrag/ konklusjon:**

Det faktiske vegvalet for aust – vest –utbygging av nasjonale transportkorridorar for vegtransport vil vera av **svært stor** tyding for Odda kommune les nye **Ullensvang kommune** i dei komande tiåra.

Saka skal ekspederast av:  
Særutskrift skal sendast til:

Sakshandsamar  
Statens vegvesen, Hardangerrådet, Hordaland  
fylkeskommune  
Arkiv